



## Sakspapir

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>	
	Formannskapet		
Sakshandsamar:	<i>Helge Dyrkolbotn</i>		
Arkivsaknr.:	14/866	Klassering:	

### Leigeavtale om kaihus Øksnes

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Austrheim formannskap godkjenner avtalen mellom Øksnes båtlag og Austrheim kommune slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Gjennom kaiprosjektet som er ein del av samfunnsutviklingsprosjektet Austrheim Heile Livet har det vore teke ein gjennomgang og vurdering av 38 kaiar i kommunen. Ein av desse er den kommunale kaien i Øksneset. Noko av det ein såg der var at kaihuset treng ei oppgradering og omfattande vedlikehald.

I februar kom det hending frå Øksnes båtlag ved Bjarte Austgulen om dei kunne få leige kaihuset mot at båtlaget tok seg av oppgradering og vedlikehald av bygget.



##### Vurdering

Kaihuset hadde funksjon som pakkhus og venterom for skuleelevar og andre som tok båten til/frå Øksnes før vegen i Øyane vart bygd. Etter dette har ikkje bygget hatt noko funksjon utan om at det

har vore lagra litt forskjellig der frå tid til anna. I kommunal samanheng har ikkje bygget vore brukt sidan båtruta vart lagt ned.

Det er ingen tvil i at bygget treng omfattande vedlikehald. Mellom anna må alt av treverk og takplater skiftast, mur må malast og det bør lagast dører i bygget om det skal nyttast til oppbevaring. Om kommunen inngår avtale med Øksnes båtlag vil det vera naturleg at dei står for alt vedlikehald og at dei dekker kostnadane med dette. All den tid det ikkje vil vera offentleg tilgjengeleg og kun for medlemmer av båtlaget er naturleg at båtlaget sjølv ber kostnadane med materiell og arbeid.

At båtlaget leiger kaihuset er positivt med tanke på å ivareta bygget, samt at det gjev ei aktiv båtforening litt ekstra lagringsplass

Økonomisk vil ikkje dette kosta kommunen noko, men ein vil heller ikkje ha bruksrett til bygget i avtaleperioden. Gjensidig oppseiingstid er 2 år. Dette var eit ynskje frå båtlaget ut frå at dei kom til å gjera ein del investeringar i bygget.

### **Konklusjon**

Ut frå saksutgreiinga går rådmannen inn for at Austrheim formannskap godkjenner avtalen mellom Øksnes båtlag og Austrheim kommune slik den ligg føre

### **Sakspartar**

Øksnes båtlag v/Bjarte Autgulen